



Leirdalen barnehage

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3061 - 14/10614

Saksbehandlar:

Mette Marei Træland

mette.m.traland@meland.kommune.no

Dato:

03.07.2014

Stadfesting av kommunestyrevedtak i høve til etterbetaling.

Viser til førespurnad om Meland kommune sin rekneskap for 2013, og krav om tilbakebetaling av for mykje utbetalt tilskot.

Meland kommune vedtok i KS sak 38/2014 Revidering av driftsbudsjett for 2014. Formannskapet si innstilling vart vedteke. Dette inneber at kommunen ikkje vil krevje tilbake for myke utbetalt tilskot i 2013. Teknisk må dette belastast kommunen sitt driftsbudsjett i 2014.

Referert frå saka:

c. Ekstraordinært tilskot til dei private barnehagane

Som følgje av signal frå politisk hald etter dialogmøtet 16. mai med dei private barnehagane legg rådmann opp til å auke driftsramma for 2014 med kr 3,1 mill for å kunne ha dekning til å utbetale eit eventuelt ekstraordinært tilskot til dei private barnehagane. Summen svarar til det kommunen vil krevje tilbakebetalt frå dei private barnehagane som følgje av innsparingar i rekneskapen til kommunen i 2013. Det er ikkje aktuelt å gjere dette som endring av rekneskapen for 2013, men tilskotet vert å bokføre i 2014.

Som del av grunnlaget for utbetaling av eit slikt ekstraordinært tilskot ser rådmann for seg at det vert inngått avtaler med barnehagane som sett vilkår, planar og prinsipp for korleis kommunikasjonen mellom kommunen og dei private barnehagane skal vere framover. Det er og viktig for kommunen at ikkje dette tilskotet har effekt på den forskriftsmessige utrekninga av tilskotssatsar, men vert å rekne utanom dette.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommunen vil før ein endeleg fastset korleis eit slikt tilskot formelt kan grunngjevast, sørgje for å sikre kva regelverket gjev anledning til å utbetale utan at det bind kommunen i forhold til berekning av framtidige tilskotssatsar.

Ettergjevinga vil verte effektuert i særskildt brev og utbetalt i 2014.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit
rådmann

Mette Marei Træland
barnehagefagleg rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Leirdalen barnehage

Blåklokka barnehage

Espira Marthahaugen barnehage

Læringsverkstedet Maurtua AS

Læringsverkstedet Flatøy barnehage

Leiketun barnehage

Drømmehagen barnehage